


Bjerkreim Venstre



**Venstre gjer
Bjerkreim grønare.**

VENSTRE
Folk først.



Venstre er miljøpartiet.

Me kjempar for fleire grøne lunger, reinare luft, og strakstiltak for å senka klimautsleppa. Det bør alltid vera enklast og billegast å ta miljøvenlege val.

Eit ønskje om å vera ein miljøkommune forpliktar. Bjerkreim Venstre meiner at utvikling av vindressursane i kommunen må være berekraftig både med omsyn til miljø, til folk og til økonomi. Å leggja til rette for vindkraftutbygging fører med seg inngrep i naturen, det vert bygt anleggsvegar, og i tillegg kjem vindturbinar som endrar synsinntrykka.

Vindkraft er rein kraft, men den må byggjast ut der det gir minst skade på naturen og minst ulempe for dei som bur i nærleiken. Tiltak som energiøkonomisering og opprusting av eksisterande kraftverk bør stå i fremste rekke.

Bjerkreimsvassdraget har stor nasjonal betydning som lakseelv, og elva er eit viktig trekkplaster for turistnæringa. Dette må kommunen dra endå meir nytte av. Nå har Storåna i Ørdsalen fått kalkdoserar. Stor takk til grunneigarar, Elveeigarlaget og Bjerkreim kommune for å dette kom på plass. Venstre vil arbeida for at vassdraget framleis kan verta utvikla, mellom anna bør det vera eit mål at endå fleire strekningar kan verta lakseførande med nye oppvekstområde for yngel. Bjerkreim Venstre vil også arbeida for at vernet ikkje blir uthula.

Venstre vil og passa på at utbygging av hyttedefelt skjer skånsamt. Det skal vera ein viktig stad for rekreasjon og friluftsliv og ikkje eit nytt bustadområde.



Sunn kommunestyring

Bjerkreim Venstre vil at administrasjon og politikarar i kommunen tydeleg skal vera der for å hjelpa den enkelte innbyggjar.

Vi vil arbeida for ein effektiv administrasjon av kommunen. Kommunen må oppretthalde godt vedlikehald av alle anlegg, kyrkjer og kyrkjegardar.

Venstre meiner det er nødvendig med tett samarbeid med nabokommunar for å samordna ein del tenester.

Bjerkreim Venstre vil arbeida for at tenestetilbodet først og fremst rettar seg mot dei innbyggjarane som treng det mest, og at tilbodet også vert så effektivt som råd.

Me vil vera opne for å utgreia ulike samarbeidsformer i regionen. Bjerkreim kommune har få innbyggjarar og på nokre tenestoområde kan det vera vanskeleg å ha gode nok kompetanse- og spesialistmiljø.

For å klara å oppretthalda alle dei gode tenestane me har i dag vidare inn i framtida, kan det verta naudsynt å måtta etablera kommune i lag med andre, eller at fleire kommunar vert slegne saman.



Trygt og godt å vakse opp og bu i Bjerkreim.

Ein god oppvekst varar livet ut. Venstre vil sørge for at skulen i Bjerkreim held høg kvalitet.

Skule, ungdom og kultur.

Det skal være nulltoleranse for mobbing på skulane i Bjerkreim.

Venstre vil sikra barnehagedekning for dei som ønskjer det.

Det skal vera godt å vakse opp i Bjerkreim. Difor er det viktig at barn og ungdom får eit enda betre kulturtilbod i fritida, men prisane må ikkje vera for høge.

Dei gode tilboda i kulturskulen og andre tenester må oppretthaldast og gjerast betre?

Dei fleste fritidstilbod i kommunen er drifta av frivillige i lokale foreningar og lag. Venstre vil vera ein pådrivar for at kommunen hjelper desse best mogleg.

Kommunen må syta for at det finst tenlege bygningar og anlegg nok til kulturtilbod for barn og ungdom.

1 + 1 = 2

Eldreomsorg.

Bjerkreim Venstre vil arbeida for at kapasiteten i eldreomsorga i Bjerkreim blir tilpassa behovet. Tilbodet til dei eldre i Bjerkreim kommune er ikkje godt nok.

Det er for få plassar, og dagsenter må på plass snarleg. Bjerkreim må vi finna ei god løysing for omsorgssenteret, det trengst anten nybygging eller utviding. Fleire eldrebustader bør etablerast, og då først og fremst i sentrum.

Det trengst auka personalressursar både på omsorgssenteret og heimesjukepleien. Dei økonomiske rammene må tilpassast dei behova innbyggjarane har. Bjerkreim Venstre set pris på at dei som er tilsette i eldreomsorga, har god kompetanse og gjer ein god jobb.

Bjerkreim Venstre vil arbeida for tannhelsetilbod i kommunen.





Ny næring.

Venstre meiner det er svært viktig å utvikla nye næringar i Bjerkreim og at det vert lagt til rette for nye industriområde. Kommunen må derfor framleis arbeida aktivt for å få nye bedrifter til å etablera seg. Marknadsføring av Bjerkreim er viktig.

Det er viktig at kommunen opparbeider og klargjer industritomter.



Bjerkreim Venstre vil vera ein pådrivar for å tilby bedrifter og innbyggjarar betre tilgang til mobil- og breibandstenester. I dag er store områder framleis utan slik dekning.

Bjerkreim Venstre vil arbeida for at kollektivtilbodet til og frå kommunen blir betydeleg forbetra. Spesielt må kollektivtilbodet mot Nord-Jæren og sambandet med Jærbanen verta betre.

Det vil vera naturleg for Bjerkreim som ein miljøkommune å satsa på turisme. Det verna Bjerkreimsvassdraget og den fine Bjerkreimnaturen er utgangspunkt for slik satsing.



Vegar og landbruk.

E39 og vegar.

Det er nødvendig med ny firefelts E39. Utgreiinga som er i gang nå, må fullførast slik at det er godt grunnlag for å avgjerda trasé.

Viktige argument som tryggleik for trafikantane, gode løysingar for kollektivtrafikken, omsyn til bekkar, vann, dyrka mark og natur må vurderast høgt.

Det må også gjennomførast fleire trafikksikringstiltak i kommunen. Sykkelstiar bør etablerast raskare enn før. Det er store behov omkring i kommunen. Sykkelstien langs FV51 ned mot Gådå må fullførast snarleg.

Landbruk.

Landbruket er viktig for næringslivet i kommunen. Eit aktivt landbruk gir levande bygder, opprettheld kulturlandskapet, og gir eit godt miljø.

Venstre vil arbeida for ei framtidsetta og berekraftig utvikling for landbruket i kommunen. Bjerkreim Venstre vil at Bjerkreim framleis skal vera ein viktig jordbrukskommune i Rogaland.

Dyrka jord må takast godt vare på. Den som tek 1 mål dyrka mark, må skaffa 2 nye mål. Det gjeld både private og det offentlege.

Bjerkreim Venstre vil engasjera seg for å stimulera bønder til å ta i bruk dei ressursane som finst på gardsbruka og gjera det enklare å starta tilleggsnæring for dei som vil det.

Stem Venstre.

*Venstre vil gjera
Bjerkreim grønare og
gi alle born ein trygg
og god oppvekst.*


Ei grøn framtid.

Venstres politikk skal sameine personleg fridom med ansvar for fellesskapet og for kvarandre.

Å vere liberal er å ha toleranse og respekt for andre, og å tenkje utover eiga lommebok og interesser.

Vår ideologi vektlegg stor fridom for den enkelte, saman med eit sosialt sikkerhetsnett som hjelper dei som treng det. Som liberale stille me kritiske spørsmål til det beståande, og spør oss alltid om noko kan gjerast betre.

Gje di stemme til Venstre på valdagen i Bjerkreim.



Tore Malmei, ordfører kandidat

Gode sambygdingar.

No er det nok ein gong tid for å velja styre for kommunen vår. Og nok ein gong kan Bjerkreim Venstre presentera ei liste med gode kandidatar som vil gjera ein innsats for fellesskapet og det beste for bygda.

Sist periode har Bjerkreim Venstre vore representert i kommunestyret med ein kandidat, og me har vore representerte i kontrollutvalet. Det er viktig at partiet har med kandidatar i kommunestyret for å ta vare på det politiske mangfaldet.

Det har vore ei interessant periode me har vore inne i. Bjerkreim er ein kommune i vekst, og det er store utfordringar som ventar i åra som kjem, særleg innan eldreomsorg, oppvekst, skule og landbruk.

Med denne brosjyren presenterar me dei sakene som Bjerkreim Venstre har lagt tyngdepunkta på i neste periode.

Dei siste helgene før valet har me stand både på Vikeså og Bjerkreim. De er velkomne innom til ein prat og diskusjon.

Godt val.

Venstre sine kandidatar i Bjerkreim:



1. Tore Malmei (f.1958), Veterinær

Tore er utdanna veterinær ved Freie Universität Berlin i -83. Har sidan drive med allsidig praksis, hovudsakeleg stordyrpraksis. Han engasjerer seg i kommunepolitikken fordi han ønskjer å fremje Venstres politikk: aktiv næringspolitikk inkl. landbruk, skule, eldreomsorg og bærekraftig forvaltning av ressurs og miljø i Bjerkreim.



2. Aslaug M. Undheim (f. 1952), Rektor

Dei viktigaste sakene for Aslaug er:

- Trygge oppvekstvilkår og tydelege rammer for barn og unge
- Høg fagleg kvalitet i skulen
- Verdig eldreomsorg der den enkelte eldre har høve til å påverka eigen alderdom
- Mobilnett og breibandtenester må byggjast ut i heile kommunen
- Kollektivtilbodet må byggjast ut slik at det kan verta den føretrekte reisemåten



3. Skjalg Espedal (f. 1966) Daglig leder



4. Steinar Solberg (f. 1963) Lærer

5. Sissel Grøtteland Vikeså (f. 1960)

8. Arne Bjerkreim (f. 1959)

6. Mauritz Bjerkreim (f. 1961)

9. Ernst Herredsvela (f. 1971)

7. Anne Pearl Gravdal (f. 1970)

10. Anne Rita J. Gudmestad (f. 1958)

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på vår nettstad:

bjerkreim.venstre.no



VENSTRE